



Arkivnr: 2014/10441-26

Saksbehandlar: Ingvar Skeie

Delegert saksframlegg

Fylkesrådmannen etter fullmakt

Fornyng av sertifikatlån 135 mill. kr

Samandrag

Eit sertifikatlån på 135 mill. kr forfell den 13. mars 2014. Ein har henta inn tilbod på nytt lån. Fylkesrådmannen går inn for å refinansiere med eit nytt sertifikatlån tilrettelagt av DNB.

Vedtak

I medhald av Reglement for finansforvaltninga i Hordaland fylkeskommune gjer fylkesrådmannen slikt vedtak:

Lån på 135 mill. kr vert refinansiert med eit 6-månaders sertifikatlån, tilrettelagt av DNB.
Renta fram til 15.09.2014 er 1,687 %.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Johnny Ernst Stiansen
fylkesdirektør økonomi

Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 11.03.2014

Eit sertifikatlån på 135 mill. kr forfell den 13. mars 2014. Renta har vore 1,839 % siste 6-månaders perioden.

Fylkesrådmannen går inn for å fornye lånet med eit nytt sertifikatlån. Ein tek sikte på å innfri dette lånet mot slutten av året. Sidan ein for tida får høgare rente på innskot enn ein betaler på lån, tener ein på å vente til slutten av året med å betale årets avdrag. Ein har bede om tilbod på lån i 6 mndr., alternativt 9 mndr.

Den 11.03.14 har ein fått inn følgjande tilbod:

	6 mndr.	9 mndr.
DNB Markets	1,687 %	1,767 %
Nordea Markets	1,690 %	
SEB Merchant Banking	1,700 %	1,790 %
Danske Bank Markets	1,720 %	1,770 %

DNB hadde det lågaste tilbodet i dag både på 6 mndr. og 9 mndr. Skilnaden på dei to løpetidene er 0,08%. Fylkesrådmannen finn ikkje at det er verd å betale denne differansen for å sikre seg lånet fram til desember.

Fylkesrådmannen går inn for å fornye lånet med eit 6-månaders sertifikatlån, og aksepterer tilbodet frå DNB.